

## Høgfjellstur med fin rasteplass ved steinbua

Turen startar på Vealia (ca 1000 m.o.h) der vegen kryssar elva Eitra. Den breie stigen følger elva Eitra opp til terrenget flatar ut. På venstre side av stigen kan ein sjå Syningen (1235 m.o.h), Buhovd (1351 m.o.h) og Svaraberget (1456 m.o.h).

Her held det fram i lett terreng, og du kan sjå Kyrkjettjørni på høgre side, med Versjøen bak. Du fylger så stigen til restaurert steinbu på venstre side av Kyrkjettjørni. Du går mot lita nyoppført

fiskehytte og vidare mot nordaust til ei lita sandstrand i Versjøen. Ein dukkert i Versjøen på 1234 m.o.h vil garantert verke forfriskande!

Stigen går vidare innover, forbi Hjallestølen og til Venebotn. For det meste er det god stig i oversiktleg terreng. Vidare kan du gå til Driftehytta og attende på andre sida av Versjøen.

For dei som er i god form kan både fjelltoppane Såta (1622 m.o.h) og

Grytingen (1462 m.o.h) vera gode turmål. Toppene ligg på grensa mellom Ål og Hemsedal. Terrenget er svært oversiktleg og lett å orientere seg i. Både Grytingen og Såta gjev fin utsikt.

Du kan evt også gå frå Vealia opp til Versjøen, inn Såtadalen og direkte opp på Såta. Derifrå ned til Driftehytta på austsida av Versjøen og attende langs Versjøen. Ta same vegen frå steinbua ved Versjøen og ned til Vealia, som du kom opp.



For meir detaljert kart: Reineskarvet, 1:50 000



Følg Fv. 244 til Votndalen eller køyr opp Liagardsvegen. Køyr forbi Åsetno, Nystølkyrkja og følg vegen vidare til Vealia. Betalingsbom.



Parker ved bekk/lita bru i Vealia.



God og brei stig på mesteparten av turen.



Gamal steinbu.



19 km. Ca 4,5 timar for rundturen. 1040 - 1280 moh. Turen er skilta ved startpunktet i Vealia.

